

Lynkurs i nynorsk: Konsentrer deg om dei vanlegaste feiltypane

Dei aller fleste feila som blir gjorde i nynorsk høyrer til ein av desse kategoriane:

1. Presens
2. Infinitiv
3. Passiv
4. Inkjekjønnsfleirtal

Dei fleste får altså mykje att for innsatsen om dei konsentrerer seg om desse tinga.

1. Presens

Når skal endinga vere *-er*, som i *kjøper*, eller *-ar*, som i *kastar*, og når skal det ikkje vere ending, som i *spring*? Har du ikkje nynorsksystemet i talemålet ditt, så ta utgangspunkt i preteritum. Det er nemleg samanheng mellom preteritumsendinga og presensendinga:

- **E-verb:** Dersom talemålet ditt eller bokmål **kan** ha endinga *-te* eller *-de* i preteritum, er presensendinga på nynorsk i regelen *-er*: *I går kjøpte eg, no kjøper eg*. Alle verb på *-ere* er *e-verb*: *studerer – studerte, presterer – presterte*.
- **A-verb:** Dersom talemålet ditt eller bokmål har *-a* eller *-et* i preteritum, er presensendinga på nynorsk i regelen *-ar*. *I går kasta eg, no kastar eg*.

Men *kalle* er *a-verb* på nynorsk (*I går kalla eg, no kallar eg*), og ein god del verb som kan ha *-et* på bergensar og bokmål skal ha *-te* / *-de* på nynorsk: *arbeider – arbeidde, byter – bytte, dekker – dekte, krenker – krenkte, leier – leidde, rykker – rykte, røyker – røykte, styrker – styrkte, svekker – svekte, ønsker – ønskte*. Derfor er det **tryggast å basere seg på e-verbsregelen** for å skilje *a-verb* og *e-verb*. *Kan* verbet vere *e-verb*, så gå ut frå at det er det. Dette er likevel vanskeleg for rogalendingar, som har gjort dei fleste *a-verb* til *e-verb*: *danste, hoppste, sykste*, osv. Nokre verb kan bøyast både som *a-verb* og *e-verb*, t.d. *like* og *bruke*.

- **Sterke verb:** Sterke verb er dei som i regelen har vokalskifte og **ikkje har ending i preteritum**: *krype – kraup_, springe – sprang_, rive – reiv_*. (Ikkje **kraupte, *sprangte* eller **reivte*.) **På nynorsk skal dei heller ikkje ha ending i presens!** Dersom talemålet ditt har ending i desse verba, kan du likevel få hjelp av talemålet ditt. Du har nemleg eit anna tonelag (tonefall, tonem) i *krype(r)*, *springe(r)* og *rive(r)* – som er sterke verb og ikkje skal ha ending i presens på nynorsk – enn i *kjøpe(r)*, *kjenne(r)* og *klemme(r)*, som er *e-verb* og skal ha *-er*-ending på nynorsk. Det same tonelaget som i *kjøpe(r)* osv. har du òg i *kaste(r)* / *kasta(r)*, som er *a-verb* og skal ha endinga *-ar* på nynorsk (og har det i mange dialektar). Øv deg på å høyre tonelagsskilnaden! Hugs på at *kome*, *sove* og *grave* skal ha vokalskifte i presens: *kjem, søv, grev*. Nokre verb er sterke på bokmål, svake på nynorsk: *hjelpe, sleppe, treffe, trekke*. Andre er svake på bokmål og sterke på nynorsk: *drepe, gale, gnage, grave, lese, skine, suge, trenge, tygge, vege, veve*.
- **Blanda bøyning, telje-klassen:** Har ikkje ending i presens og har ofte vokalskifte. Dette er felles med sterke verb. Men dei har fortidsending, og er dermed svake: *fortelje – fortel – fortalde – har fortalt, selje – sel – selde*, osv. Andre: *velje, telje, selje, symje, spørje, smørje, venje, krevje, skilje*. Vilje går slik: *vil – ville – har vilja*. Pugg desse verba! Å setja inn presensending *-ar* i dei (No **forteljar eg noko viktig*) er blant dei styggaste feila du kan gjere.

2. Infinitiv

Mange skriv *å kasta*, men *å danse*, eller omvendt, heilt vilkårleg om ein annan. Men du må bruke **anten a- eller e-infinitiv**, **konsekvent**: *å kaste og danse*, eller *å kasta og dansa*.

Dialektane på Austlandet og i Trøndelag har kløyvd infinitiv etter eit gammalnorsk system; det er òg tillate på nynorsk.

I dag er det vanleg å sløyfe *j* i mange infinitivar som tradisjonelt har hatt *-j-*. Å *setje*, *trekkje*, *søkje*, osb., kan no godt skrivast *sette*, *trekke*, *søke*, osb. Verba som framleis må ha *-j-* er *telje*-klassen (ovanfor) og nokre få *a*-verb: *byrje*, *fremje*, *semje*, *slevje*.

3. Passiv

Du kan ikkje mekanisk skifte ut *-es* eller *-s* på bokmål med *-ast* på nynorsk og skrive: *Publikum *bedast forhalde seg roleg* eller *Det *byggast mange hus for tida*. Det er det to grunnar til:

i. Det er ikkje tradisjon for denne typen passiv på nynorsk (fordi dialektane frå gammalt av ikkje har hatt det). I staden uttrykker vi det med hjelpeverb, som på engelsk: *Det blir* (eller *vert*) *bygd mange hus for tida*. Men ver obs på at det oftast blir betre språk om du uttrykker deg aktivt: *Vi ber publikum vere roleg*. (Unntaket er når det er eit poeng å ikkje fortelje kven som utfører handlinga.) Merk deg òg at t.d. (bokmål) *Bøkene legges i kassen* kan tyde to ting: 1. *Bøkene blir lagde i kassa* (konstatering). 2. *Bøkene skal leggjast i kassa / Legg bøkene i kassa* (instruks). – Når verbet står i lag med eit modalt hjelpeverb, altså *bør*, *kan*, *må*, *vil*, *skal*, kan passiv også på nynorsk dannast med endinga *-st*: *brevet skal sendast*, *saka må undersøkjast*, *huset må rivast*, *spørsmålet bør diskutast*. Men *Brevet skal sendast* kan tyde noko anna enn (bokmål) *Brevet sendes*.

ii. Når endinga *-st* likevel blir brukt i presens på nynorsk, må du velje mellom *-ast*, *-est* og *-st* etter presenssystemet eg skisserte ovanfor. Nokre verb har *-st* i alle tider: *å finnast* – *det finst* – *det fanst* – *det har funnest*; *å kjennast*, *å møtast*, *å synast*, *å talast*, *å treffast*, *å trengast*. Dei er avleidde av verb som ikkje har *-st* – altså *å finne*, *å kjenne*, *å snakke*, osb. – og då er det presensendinga i verba utan *-st* som avgjer om det blir *-ast*, *-est* eller *-st*. Det heiter eg *finn_*, derfor *det finst* (*finn_st*), eg *kjenner*, derfor *det kjennest*, og eg *snakkør*, derfor vi *snakkast*.

4. Inkjekjønns fleirtal:

Eit bein – *beinet* – *fleire bein* – *alle beina*. Slik kan alle inkjekjønnsord bøyast på nynorsk, også lånnord som *system* og *parti* og dei orda som endar på vokal i ubunden form: *Eit møte* – *fleire møte* – *alle møta*. *Auge* og *hjarte* følgjer òg regelen (men kan òg bøyast slik: *eit auga* – *fleire augo* – *alle augo*). Dette systemet er så enkelt at det burde vera unødvendig å bomme på det. Feila kjem av at bokmål og dei fleste dialektane har eit meir komplisert system. (Bokmål: *bein* og *barn* obligatorisk etter nynorsksystemet, men *møter* – *møtene* og vanlegvis *punkter* – *punktene* og *systemer* – *systemene*, og så fri variasjon *egga* / *eggene*, *åra* / *årene*, osb.)

Får du til desse fire punkta, er du komen langt, men nynorsken din blir ikkje feilfri for det. Jobb vidare med Språkrådet sine interaktive oppgåver, på <http://elevrom.sprakradet.no/skolen/>.

Eldar Heide

Høgskolen i Bergen, november 2016